



## Referat frå kommunemøte torsdag 22. april 2021

**Tema:** Koronaberedskap

**Deltakarar:** Statsforvaltaren, kommunane, helseføretaka, fylkeskommunen, Sivilforsvaret og KS

**Ikkje til stades:** Gulen, Hyllestad, Lærdal, Osterøy og Voss

**Møteleiar:** Haavard Stensvand

### Innhold

1. Informasjonssaker .....	1
2. Bergen kommune – handtering av smittesituasjonen og målretta tiltak mot yngre aldersgrupper 3	
3. Lansering av felles hjelpenummer ved registrering i innreiseregistreringssystemet .....	3
4. Innreiseregistreringssystemet - tilgang til oversikt over prioriterte grupper og samtaleguide for kommunane nytta av Nasjonalt kontrollsentor .....	4
5. Webinar om kommunikasjon .....	4
6. Webinar for kommunelegar .....	5
7. Vaksine .....	5
8. Massetesting av elevar .....	5
9. Endringar i covid-19-forskrifta.....	6
10. Vaksinesertifikat.....	6
11. Den internasjonale handhygienedagen .....	6
12. Epidemiologisk rapport .....	7
13. Utdanning v/Marianne Svege.....	8

#### 1. Informasjonssaker

#### Temamøte om ansvaret til kommunane for tilsyn med smittevernreglane

Det vert teamsmøte om tilsyn tysdag 27. april kl. 13.00 -14.30. Varsel om møtet vart sendt ut til kommunedirektørar/rådmenn, kommuneoverlegar, smittevernlegar og beredskapskontaktar tysdag ettermiddag. Vi arbeider med å ferdigstille saklista og vil sende den på e-post.

Helsedirektoratet og Arbeidstilsynet vil delta med innlegg. Vi får forhåpentlegvis med Nasjonalt kontrollsentor, i tillegg til nokre kommunar.

Målet med møtet er å legge til rette for deling av tankar og erfaringar mellom kommunane, og få høyre frå sentrale aktørar om deira oppgåver/ansvar.



## Statsforvaltaren i Vestland

Det vart kort frist for å melde inn spørsmål, vi har difor ringt til ein del av kommunane vi tidlegare har fanga opp har løfta ulike spørsmål. Vi oppfordrar alle kommunane om å sende inn spørsmål.

### Vekerapportering

Den nasjonale rapporteringsløysinga for innsamling av informasjon om situasjonen i kommunane under pandemien er utvikla på oppdrag frå HOD. Den byggjer på system som vart laga i Oslo og Viken, for å dele informasjon og rapportere situasjonsbiletet i fylket.

Føremålet er å gjere rapporteringa enklare og gi eit betre statusbilete, også om kritiske forhold som krev rask oppfølging. Rapportane frå kommunane forenkla analysearbeidet og samanstillinga av informasjon, for vidareformidling til sentrale styresmakter. Gjennom rapportane kan Statsforvaltaren følgje situasjonen i den einskilde kommunen over tid. Kommunane kan sjølv bruke rapportane i sine lokale risikovurderingar.

Rapporteringsfristen er måndagar innan kl. 12.00. Vi tek lærdom frå påskehelga og vil gi beskjed om rapporteringsfrist når måndag er "raud" dag.

Vi informerer elles om at det ikkje må vere kommuneoverlege/smittevernlege som rapporterer for kommunen. Den som skal rapportere frå kommunen må søkje om rolle ved å gå inn på lenkje til løysinga, <https://rapportering.fylkesmannen.no/Home/SelectRole>

Rapporteringsløysinga er no til evaluering. Tre kommunar i kvart fylke deltek, i tillegg til direktorat og Statsforvaltaren.

### Nasjonalt lager for smittevernutstyr

Det er starta eit arbeid med å etablere eit nasjonalt lager for smittevernutstyr.

Planlegginga omfattar to oppgåver eller delprosjekt;

Å bygge opp eit seks månadars lager i/for kommunane (prosjektet skal m.a. sjå på talet lager og storleiken på dei, korleis utstyret kan rullere for ikkje å gå ut på dato m.v.)

Sjå på prosjekt for å styrke forsyningstryggleiken ved innkjøpssamarbeid, samarbeid med andre sektorar som t.d. Forsvarets sanitet, norsk produksjon av utstyr, nordisk samarbeid om produksjon mm.

### Råd til russefeiring og 17 mai

FHI informerte på møtet i går at dei i løpet av denne veka vil kome med tilrådingar og råd om russefeiring. Vi viser òg til punktlista med råd som vi vidareformidla i notatet som blei sendt ut sist fredag.

Fleire av kommunane har vore opptekne av kva som er dei nasjonale råda om 17. mai-feiring. Vi har tidlegare fått beskjed om at det vil kome informasjon om det på pressekonferansen i dag.

### E-post til kommunar med omfattande spørsmål knytt til vaksine

Kvam kommune har delt ein dialog dei har hatt med nokre innbyggjarar. Kommunen hadde fått ei omfattande liste med spørsmål, tydeleg prega av sterk vaksineskepsis. Det er krevjande for kommuneoverlegen å bruke tid på å svare på slike innspel.



Det er ikkje så mykje vi kan gjere med slike ting. Det er likevel veldig fint at kommunane held Statsforvaltaren informert om omfanget av slike spørsmål, krav om innsyn eller kampanjar.

Viss mange kommunar får spørsmål frå same personar, eller at det på annan måte ser ut til å vere organisert, kan det vere nyttig å bruke desse møta til å diskutere kva ein gjer med det.

2. Bergen kommune – handtering av smittesituasjonen og målretta tiltak mot yngre aldersgrupper

Innlegg ved medisinsk fagsjef Trond Egil Hansen:

Samstundes som at dei nasjonale restriksjonane vart mindre strenge, måtte Bergen kommune setje i verk lokale restriksjonar. Kommunen har hatt ein jamn smitteauke dei siste vekene, til eit vedvarande for høgt nivå. Dette skjedde trass dei nasjonale restriksjonane og god kapasitet til smittesporing.

Smittemønsteret i kommunen var nytt i den forstand at det no er tenåringar som har høgast smitteførekost og verkar å vere drivarane av smittespreiinga. Det har ikkje sett ut til at smitteoverføringa i særleg grad finn stad på skulane, eller på organiserte fritidsaktivitetar. Det ser ut at smitt i stor grad vert overført på uorganiserte fritidsaktivitetar.

Det vart naudsynt å setje inn lokale tiltak og utfordringa var å finne målretta og riktige tiltak. Under heile pandemien har Bergen kommune prøvd å finne målretta og minst mogleg skadelege tiltak. Det var ekstra krevjande denne gong ettersom tiltaka råka born og unge. Likevel var det uunngåeleg på grunn av smitemønsteret.

Kommunen valde å innføre strenge reglar i lokal forskrift for m.a. private besøk, der ein ikkje kan ha meir enn to personar på besøk. Forskrifta gjeld både for born og vaksne. Forbod mot besøk er eit inngripande tiltak, men det er likevel det tiltaket kommunen har mest tru på.

Kunnskapsgrunnlaget frå FHI er at skulestenging ikkje gir ein tilleggseffekt ut over det raudt nivå på skular med smitte gir. Det er ein relativt låg terskel for å setje enkeltskular på raudt nivå. Kommunen har ikkje valt å setje alle skular på raudt nivå. Elles er ein del arenaar som særleg er retta mot born og unge stengde. Bergen kommune har og innført eit påbod om bruk av munnbind.

Det har kome reaksjonar på ein del av tiltaka. Det vart presisert at ein viktig del av vurderinga av om tiltaka er rett avpassa er kor lenge dei gjeld. Forskrifta gjeld i to veker.

3. Lansering av felles hjelpenummer ved registrering i innreiseregistreringssystemet

Fredag 16.04.2021 vart det lansert automatisk tildeling av såkalla felles hjelpenummer ved innreise til landet, for personar som ikkje har fødselsnummer eller d-nummer. Tildelinga skjer i innreiseregistreringssystemet, når den reisande registrerer seg før innreise til Noreg.

Føremålet er at kommunane skal kunne finne same person i fleire register. Vidare vil det gjere det lettare å følgje opp karantene . og å drive smittesporing.



## Statsforvaltaren i Vestland


I løpet av denne månaden vil same unike nummer òg verte brukt til å få prøvesvar til dei utan fødselsnummer eller d-nummer. Noko seinare vil òg dei som har d-nummer, men ikkje kan logge seg inn på helsenorge.no, få høve til å få prøvesvar via same SMS-baserte løysing.

Kontaktperson: Tekniske spørsmål om tildeling av felles hjelpenummer kan rettast til Arve Paulsen: [arve.paulsen@helsedir.no](mailto:arve.paulsen@helsedir.no).

4. Innreiseregistreringssystemet - tilgang til oversikt over prioriterte grupper og samtaleguide for kommunane nytta av Nasjonalt kontrollsenter

Det skal no vere kome på plass eit såkalla Filarkiv i menyen på venstre side i innreiseregistreringssystemet (sjå bilete) i portalen der Nasjonalt kontrollsenter deler sine rapportar med kommunane.

Her skal kommunane no kunne finne gjeldande smittevernfarelege vurderingar frå FHI som ligg til grunn for kva prioriterte grupper kontrollsenteret kontaktar på telefon. Det gir òg tilgang til den samtaleguiden kontrollsenteret nyttar når dei snakkar med reisande.



5. Webinar om kommunikasjon

Helsedirektoratet inviterer til webinar måndag 26. april kl. 14.00-14.45. Målgruppa er tilsette i kommunane som jobbar med kommunikasjon om korona til befolkninga.

Programmet vil vere kommunikasjon til spesielle målgrupper, med særleg merksemd på innvandrarbefolkninga. Bydel Stovner skal dele sine erfaringar med direktekommunikasjon i tillegg til at Helsedirektoratet kjem med informasjon om temaet.

Eventuelle spørsmål kan rettast til [le.hang.duong@helsedir.no](mailto:le.hang.duong@helsedir.no)

Her er lenkje til arrangementet:

[Kommunikasjon til spesielle målgrupper \(webinar 6\) - Helsedirektoratet](#)



### 6. Webinar for kommunelegar

Torsdag 29. April kl. 10.00-11.30 arrangerer FHI webinar for kommunelegar, med spørjetime om covid-19 og smitteverntiltak. Der vil FHI ta opp hovudpunkt frå ny risikovurdering, massetesting i skular, svar på ofte stilte spørsmål om vaksinar og gi nokre råd om 17. mai. Det er mogleg å sende inn spørsmål på førehand eller undervegs i chatten.

Lenke til webinarret og meir informasjon finn de på FHI sine sider: <https://www.fhi.no/om/kurs-og-konferanser---oversikt/webinar-med-sporretime-for-kommuneleger-smittevern-og-handtering-av-covid-1-----/>

### 7. Vaksine

#### Sommarferien

Det vert utkøyring av vaksinar som vanleg gjennom sommaren òg. Berre av Comirnaty vaksinen er det venta 1,2 millionar dosar kvar av dei tre sommarmånadene. FHI har ein prosess på dette no, og kjem med meir informasjon om dette i neste informasjonsbrev, i løpet av denne veka.

Viss vaksineleveransane kjem som venta, vil alle vaksne ha fått tilbod om første dose i løpet av sommaren. FHI sa tysdag at det er viktig at slitne tilsette i kommunane får ein etterlengta og naudsynt ferie, samstundes som kommunane må planlegge for vaksinerings også i ferien. Det er òg ei utfordring med at mange som skal ha vaksine truleg vil dra bort i ferien. FHI sa førre veke at ferierande ikkje har krav på å få vaksine i kommunen dei oppheld seg i på ferie. Dei må sjølv ta ansvar for å få tatt vaksinen i heimkommunen.

#### AstraZeneca

FHI anbefalte å ta vaksinen ut av programmet, men regjeringa ønskte eit breiare grunnlag og gav ei ekspertgruppe i oppdrag å sjå nærmare på dette, der ein rapport er venta innan 10. mai. Det går no føre seg ein større studie i Storbritannia som ser på effekten av vaksinerings med to ulike vaksinar, som blir aktuelt for dei som har fått første dose med AstraZeneca. FHI kjem tilbake til anbefalingar med omsyn til å få andre dose med anna vaksine enn AstraZeneca.

#### Eigenerklæring og samtykkeskjema

For dei som nyttar desse, er det no kome nye versjonar som er tilpassa etter tilbakemeldingar, og det er planar om å få omsett til fleire ulike språk.

### 8. Massetesting av elevar

Helsedirektoratet har gjort ferdig ein rettleiar for massetesting av elevar og studentar. Denne skal bli tilgjengeleg på heimesidene deira i dag. Den vil òg bli omtalt på pressekonferansen i dag. Dei vil tilrå, etter det vi har blitt fortalt, testing 1-2 gongar per veke i periodar over 4 veker ved høgt smittetrykk tilsvarende risikonivå 4 og 5, med det føremålet å halde skulane og utdanningsinstitusjonane opne.

Når det gjeld piloten i Vestland, vil denne avsluttast 31. mai. Piloten har gitt mange erfaringar som òg har vore nyttige for Helsedirektoratet i arbeidet med den nye rettleiaren. Samstundes har dei vidaregåande skulane har fått øving som gjer dei i stand til raskt å implementere dette som eit beredskapstiltak ved eventuelt seinare høgt smittetrykk.



For meir informasjon om piloten: <https://www.vestlandfylke.no/om-oss/beredskap/korona/status-pilotprosjekt-koronatesting-av-elevar-ved-to-vgs/>

Til slutt i møtet var det open dialog om massetesting av elevar:

**Kommentar frå Sundfjord kommune** –Å bruke helsevesenet for å lære opp skulane til massetesting no høyrast ikkje ut som ein fornuftig måte å bruke ressursar på.

**Fylkeslegen** – Fylkeskommunen har ønskt at piloten skulle omfatte alle vidaregåande skular, slik at alle skulane får erfaring med massetesting. Det er eit beredskapstiltak. Ein veit aldri når utbrotet kjem og det er derfor vanskeleg å planlegge opplæringa til riktig tidspunkt. Det er greitt at kommunane ikkje vil bruke ressursar til massetesting. Den einskilde vidaregåande skulen kan ta dialogen vidare i fylkeskommunen.

**Svar frå fylkeskommunen ved Bjørn Lyngedal** – Dei ønsker samarbeid med kommunane, men respekterer om kommunane ikkje har kapasitet.

Prosjektet har hatt ein stor effekt på skulane; har skapt ei betydeleg ro for elevar og tilsette som har mange kontaktar per dag.

**Anna informasjon om massetestinga** – Dei som har interesse av å sjå prosjektbeskrivinga kan ta kontakt med Statsforvaltaren.

Viss kommunar med skular i dette prosjektet verte kjent med at personar testar positivt med PCR, sjølv om dei nyleg har testa negativt i prosjektet, så er dette verdifull informasjon som vi ønskjer at de vidaresender til oss.

### 9. Endringar i covid-19-forskrifta

Forskrifta §4d: Det kan vere greitt å minne om at barn under 12 år ikkje lenger er automatisk unnateke testing ved innreise til Noreg. Prøvar av born kan takast frå fremre nase, gjerne mens barnet sit på fanget til ein trygg vaksen. Viss barnet eller føresette motset seg prøvetaking, skal ikkje barnet testast og strafferettsleg forfølgning er ikkje aktuelt.

Forskrifta §§ 6b tredje ledd og 6h sjetle ledd: Desse paragrafane omhandlar organisering og finansiering av arbeidstakarar, anten grensependlarar eller dei som skal testast dag tre i karantene for å kunne teste seg ut av karantene. Bruk av unntaket har fram til no vore finansiert av arbeidsgjevar. Frå no av tar Staten rekninga, og kommunar treng difor ikkje lenger fakturere arbeidsgjevar. Dette betyr at Staten no betalar for all testing inn til landet.

### 10. Vaksinesertifikat

Den tekniske løysinga for vaksinesertifikat kjem i forenkla utgåve i mai, medan den endelege versjonen, som blir i tråd med regelverket i EU, skal vere ferdig i slutten av juni. Det er enno ikkje bestemt kva sertifikatet kan brukast til med omsyn til innreise, karantene og andre ting. Dette vil òg ha ein politisk dimensjon. Vi kjem med meir informasjon så snart den ligg føre.

### 11. Den internasjonale handhygienedagen



## Statsforvaltaren i Vestland

FHI jobbar systematisk med å betre etterlevinga av nasjonale anbefalingar for handhygiene i helsetenesta. Markering av den internasjonale handhygienedagen 5. mai er ein del av det førebyggjande arbeidet. Dei som ønskjer å vere med på å rette fokus mot dette, kan bestille plakatar og anna materiell frå FHI.

Vi har òg lage ei nettsak om dette: <https://www.statsforvalteren.no/vestland/helse-omsorg-og-sosialtenester/smittevern/bli-med-pa-markering-av-handhygienedagen2/>

For meir informasjon om arrangementet, sjå: <https://www.fhi.no/sv/forebygging-i-helsetjenesten/handhygiene/bli-med-og-marker-handhygienedagen-5.-mai-2021/>

### 12. Epidemiologisk rapport

#### *Vestland*

	Uke 11	Uke 12	Uke 13	Uke 14	Uke 15
<b>Antall tilfeller per uke</b>	281	273	294	303	304
<b>Antall tilfeller per 100 000 per 14 dagar</b>	68,4	86,7	88,8	93,5	95,0
<b>Antall personer testet per 1 000 per uke</b>	28,3	36,8	22,9	25,6	24,2
<b>Andel positive blant de testede per uke</b>	1,6%	1,2%	2,0%	1,8%	2,0%
<b>Andel kommuner med insidens over 50 per 100 000 og flere enn 10 tilfeller per 14 dagar</b>	4/43	7/43	7/43	5/43	7/43
<b>Andel vaksinerte blant personer 65 år og eldre (minst en dose) – totalt</b>	-	-	-	57 %	72 %



- Full rapport kan de lese her: <https://www.fhi.no/publ/2020/koronavirus-ukerapporter/>
- Fylkeslegen si vurdering: <https://www.statsforvalteren.no/vestland/samfunnstryggleik-og-beredskap/krisehandtering-og-samordning/fylkeslegens-vurderingar/>

### 13. Utdanning v/Marianne Svege

Det kjem ein rapport frå FHI denne veka, som handlar om smitte blant born og unge. Her kjem det mellom anna fram at det er meir smitte blant born og unge når skulen er stengt. Då møtast dei på fritida, under mindre regulerte smitteverntiltak. Dette er eit argument for å bruke trafikklysmodellen og raudt nivå framfor å stenge - når det er mogleg.

Udir er i gang med å utarbeide anbefalingar og retningslinjer for oppstart av skulane etter ferien, og for første del av neste skuleår. Det er grunn til å tru at Covid 19 i nokon grad vil prege organiseringa av opplæringa også i komande skuleår.

Det er ikkje noko nytt om eksamen. Fleire avklaringar rundt eksamen og standpunktkarakterar kjem truleg snart.